

Mangfald i barnehagen

Menneska realiserer seg sjølve berre når dei er medskaparar i sitt eige tilvære.

Paolo Freire



Alle foreldre ønskjer det beste for barna sine.

Kva er viktig for å sikre mangfaldet i barnehagen?

- **Anerkjenning** av ulikskap og forskjellige kulturar, livssyn og verdier.
- **Bevisstheit** om korleis vi møter ytringar og behov.
- **Den gode dialogen** når foreldra og personalet har ein likeverdig og utvekslande samtale.
- **Forskjelligheit** som blir vareteke når personalet evnar å samarbeide med alle foreldra.
- **Haldningar** som byggjer på respekt, tillit og tryggleik, ligg til grunn i møtet med barna og foreldra.
- **Inkludering** der barnehagen høyrer og ser alle, slik at alle får medverke til innhaldet i og arbeidet til barnehagen.
- **Kommunikasjon** der personalet blir einige med foreldra om korleis dei ønskjer at kontakten med og informasjonen frå barnehagen skal skje: munnleg, skriftleg eller ved bruk av tolk.
- **Myndiggjering** av foreldra ved å gi god informasjon, ta dei med på råd og lytte til dei.